



# FAIR PLAY-KONTRAKT

---

Denne kontrakten gjeld for alle trenarar/lagleiarar i Syril fotball.

Den er ein del av Fair Play programmet til NFF og skal i tillegg vere i samsvar med planverk utarbeida i klubbane.

Fair Play er mykje meir enn gule og raude kort. Fair play handlar om respekt og korleis vi oppfører oss mot kvarandre; både på og utanfor bana.

Dette er Fair Play reglane som underteikna lover å følgje:

- ✓ Vis respekt for:
  - Domar
  - Motstandar
  - Klubben din
  - Laget og spelarane dine
  - Lovar og reglar tilknytt fotballen
- ✓ Snakk med spelarane dine om Fair Play, respekt, verdiar og haldningar før, under og etter sesongen
- ✓ Set deg inn i kva sanksjonar/reaksjonar som er forventa ved brot (Syril si klubbhandbok) og informer om dette til dine spelarar. Føl opp ved brot
- ✓ Bidra til at Fair play-møtet mellom trenarar og domar før kamp blir gjennomført
- ✓ Bidra til Fair play-helsing mellom laga før og etter kampstart
- ✓ Vere eit førebilde som tek avstand frå mobbing, rasisme og all anna dårleg oppførsel
- ✓ Bidra til at alle trivast og har det moro med fotball
- ✓ Tap og vinn med same sinn

Ved brot på kontrakten vert det oppfordra til dialog mellom trener/lagleiar og klubb, klubben har rett til å vurdere trenar/lagleiar sitt vidare engasjement i klubben.

Syril lovar å legge til rette for at alle kan ha det moro med fotballen og at all aktivitet er prega av respekt, rettferd og positive haldningar. Takk for Fair Play-innsatsen – vi er glad for å ha deg med i Syril fotball!

***Det handlar om respekt, ikkje sant?***

---

Stad/dato

---

Trenar/lagleiar

---

Syril sin representant